



Nina og Terje Eriksen
Postboks 78
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1184 - 14/3605

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
14.03.2014

Godkjenning-Frådeling av 3 parsellar til bustadbygging på Mjåtveit - gnr. 22 bnr 6.

Administrativt vedtak. Saknr: 49/2014

Saksutgreiing:

Terje og Nina Eriksen har i søknad innkomen 20.01.2014 søkt om frådeling av 3 parsellar på omlag 3100 m² (p1), 950 m² (p2) og 2700 m² (p3) frå sin eigedom 22/6 på Mjåtveit.

Eigedommen 22/6 er på om lag 52000 m² før frådeling og det omsøkte arealet er omfatta av reguleringsplan for Mjåtveitmarka- godkjent av kommunestyret i møte 23.01.2008, sak KS-15/08. Arealet er regulert til frittliggande småhusbusetnad (p 2-3) og konsentrert småhusbusetnad (p 1).

Utbyggingsområdet B1a-fs, B1b-fs og B3-ks skal ha tilkomst frå den nye vegen som skal byggast frå gamle Mjåtveitmarkavegen og opp i Sveåsen. Veg 1.2 i reguleringsplanen.

Avløpet er tenkt løyst ved tilkopling til kommunalt avløpsanlegg ved Rv 564 og det må søkjast om tilkopling til dette. Del av avløpsleiding (ca 25 m) og koplingskum ligg på 22/5. Det ligg føre samtykke frå heimelshavarar av 22/5.

Naboar er varsla og det er ikkje kome inn merknader.

Vurdering:

Det omsøkte området er avsett til bustadføremåla, konsentrert og frittliggande småhusbusetnad i reguleringsplan, og søknaden er i samsvar med denne. Reguleringsføresegner for Mjåtveitmarka må ligga til grunn for vidare planlegging av utbygginga.

Arealet som er oppgitt i søknaden avviker en del fra arealet som er utrekna etter grensene i kartet. Vedtaket legg til grunn at arealet utrekna fra kartet er rettast.

Parsell 2 og 3 må sikrast vegrett over den nye parsell 1 og fram til offentlig veg. Dersom ikkje eigedommane som ligg i enden av den planlagte tilkomstvegen alt har vegrett over bnr 6, må desse sikrast tilkomst over dei frådeltte parsellane 1 og 3 og fram til offentlig veg. Dette gjeld 22/ 57, 48, 31, 37, 18, 63 og 76.

Vedtaket

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, søknad om oppretting av 3 parsellar på omlag 3950 m², 1000 m² og 3150 m² frå gnr 22 bnr 6, i samsvar med søknad stempla inn 20. jan 2014. Parsellen er avsett til frittliggende og konsentrert småhusbusetnad i Reguleringsplan for Mjåtveitmarka.

Ved oppretting av nye parsellar må nye og eksisterande eigedommar sikrast naudsynte tinglyste vegrettar frå parsellane og fram til offentlig veg.

Endelegre grenser til parsellane vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Løyve fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering, jmf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova §28, jmf vedlagt skjema. »

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Mottakere:

Nina og Terje Eriksen

Postboks 78

5906

FREKHAUG

